Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Brynet

Tilleggsspørsmålnr.

Emne:

Oppskr. av: Jörgen Karlsen

(adresse): Hov i Land

Fylke: Nordland

Herad: Herred Luröy. og S. Land.

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det vanlege ord er heina, men her i Söndre Land sier folk alltid brynet. I Nordland brynte de baaten naar de drog den fram i fjära, men de heinä ljaaen. I Söndre Land dreg de fram baaten i fjärä, men bryner baade ljaaen og kniven og öksä. Namn paa särskilte bryner har eg ikkje höyrd anna enn at de i S. Land kan tale om ei ljaabryne, et öksebryne eller et knivbryne.

2. I min barndom for om lag 60 aar sia var det alltid naturstein i brynet eller heinä, og dette vart kjöpt hos handelsmannen. I den seinere tid, for omlag 20 aar sia tok kunsstein-bryner til aa komme, og nordpaa vet jeg at folk tok til aa kalle ogsaa dem for bryne, mens naturstein vart kallä hein. Skiferbryne fans ikke i bygdä, man maatte til krambuä etter dem.
Höveltenner vart kvest med ei vanleg knivhein som var av et mindre og finere slag skiferstein, mens man hadde lange og tyngre ljaaheiner. Naa kjöper man stöpte heiner baade til kniv, öks og ljaa. Barberblad og kniver vart kvest enten paa fine heiner eller paa hardt lär. Men hövltenger maatte nok slipes naar de vart for slöve, saa heining ikkje hjalp.

3. Alle redskaper som trengte sliping, maatte paa en rund stein med en til aa dra den rundt mens en annen slipte. Noen ljaatynning kjennes ikkje.

4. Sigden vart alltid slipt för man tok den i bruk, men man kunne kvesse den med et bryne utover dagen under arbeidet. De förste ljaaene eg hugsar, var ikkje oppslipte, og det var eit gruvalt arbeid aa slipe dem opp for det var et langt arbeid. Seinere kom det oppslipte ljaaer i handelen, og slike ville folk helst kjöpe.

5. Heilt ukjent.

6. Ein god ljaa kunne man bruke halve dagen i slaatten. Men ved lengere bruk vart den gjerne blautere, og da var det ofte at ein maatte slipe kvar ökt, etter 3-4 timer stadig slaaing.-Slipesteinen vart ikke flytta, men stod heime ved stue- eller fjösveggen. Hadde man utslaatter langt borte, hadde man en slipestein der og.

7. Eg kjenner bare et slags bryne, og med eg var nordpaa hörte eller saa eg ikkje anna enn heina som var kjöpt til aa kvesse ljaaen med.

161

8. I Nordland tok de felste ljaaen av örvet naar de skulle slipe. Folk innretta seg slik at man hadde 2 eller fleire ljaaer( ofte noksaa slitte), og da var det lett aa skifte ljaaen ut. Men her i Söndre Land hvor folk no har kort veg til slaattstaden, har eg berre sett at folk

gaar med ljaaen fastsurra med reimer eller rör og sliper med ljaaen sitter paa. Det hender jo at nokre kan ha 2 slike orv.med seg. Man holder alltid eggen mot seg naar man sliper og drar slipsteinen den motsatte vegen enn ved knivskiping. Framgangsmaaten ved kvessing er forskjellig ved "bladorv" og stuttorv. Det förste festes i venstre armhole med ljaaen rett ut fra seg, venstre arm fram over ljaahökjen og heinä eller brynet i högra handa, som föres i elipseformig boge over eggen.
Ved stuttorv holdes ljaaen fast med högre handa omtrent midt paa hökjen(bakken), og geinä föres med högre handa i noe mindre boger over eggen, fordi orvet er saa stutt. Stuttorv har eg ikkje sett i bruk i Söndre Land. Dette er jo tyngre aa bruke i tjukt gras og egner seg bestpaa naturleg eng med tynt gras eller mellom stein.-
Aa kvesse ljaaen kaltes i Nordland „ aa kvette" eller "stikke" ljaaen. Om det siste har sitt opphav i at man för i tida har brukt heinstikkä eller brynestikkä, veit eg ikkje. I söndre Land har eg ikkje höyrd anna enn at folk bryner ljaaen, öksä, sigden eller skjyruä og kniven.
1o. I min barndom saa eg nok gamle folk som bar ein treslire med heinä i paa sia som ein annä kniv, men det har eg ikkje sett i S. Land.-
11. Nei, ikkje saavidt eg veit.
12. De fleste fukter brynet ved aa spytte paa det, men eg sjöl har ikkje gjort dette som vaksen, for brynet gjer sitt arbeid like godt hvis ikkje ljaaen er for oppslitt, uten aa bli fukta.
14. 15. 16. 17 har eg ikkje hörd för.
18. Nei brynet har ikkje tala, og ikkje har eg höyrd nokon synge under kvettinga av ljaaen. Men folk som var i särs godt lag og var lystige i arbeidet, kunne nok si ganske högt og fripostig: Tvi! naar de tok til aa kvette ljaaen.-
Eg höyrde og som smaagut for nästen 6o aar sia at slike karar var so ivrige at de hermde etter ljaaen naar den gikk i tjukt gras-y-ysj, yysj!
De skaargekk saa svetten rant. Av og til törka de svetn av enten med neven eller eit lommetörkle.

I gamle dager för jorda vart skikkeleg oppdyrka, dreiv slaattekarane mellom steinen ute paa slaatteteigen ofte med stuttörve og med korte ljaaer. Da större arealer vart oppdyrkä, vil man gjerne ha av de lengste ljaaene, for med dem tok man breiere og större skaar. Men det var tung aa bruke 6-7 kvartljaaer. Bare de sväreste karer mötte opp med slike i begynnelsen, for om lag 6o aar sia. Snart vart man klar over at kortere ljaaer- 5 kvart lange gjorde samme nytten og var mykje lettare i bruk, saa de ovlange ljaaene kom snart ut av bruk.

J.K.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
161